

# Saksframlegg

<b>Saknr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Ungdomsrådet	26.11.2015

Sakshandsamar:	Tenesteområde Kultur	Eirik Bouwer Utne		
Avgjerslemynde:		Sak Id: 15/3017	Klassering:	

## Ungdom som arrangør av UKM

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland skal vere vertskap for regionsmønstringa av UKM Nordhordland i 2016. Arrangementet skal vere på Nordhordland folkehøgskule. Det er ein lang tradisjon for å la ungdom vere sentrale deltakarar i planlegginga og avviklinga av arrangementet.

#### Vurdering

UKM er det største kulturarrangementet i Norge for barn og ungdom. Ein kan delta med ulike kulturinnslag, det vere seg musikk, dans, teater, bilde eller video. Ein kan òg verte med som Ung Arrangør eller konferansier. Desse oppgåva kvalifiserer òg til å kunne verte sendt vidare til regional mønstring og eventuell landsmønstring på lik line med kulturinnslaga.

UKM fungerer mange plassar som eit møtepunkt for ungdom som vil vere med å framføre kultur eller arrangere mønstringar, ofte med stor grad av sjølvstende og ansvar. Radøy vart årets barne og ungdomskommune i 2014 og deltaking i UKM har vore ein del av arbeidet med å bygge opp under eit godt ungdomsmiljø der.

Det har vore svært få deltakarar frå Meland dei siste åra. Når kommunen no skal vere vertskap for mønstringa i 2016 kan det vere aktuelt for Ungdomsrådet å sjå på om dei kan ta ei rolle i arrangementet for å auke deltakinga lokalt.

#### Folkehelse

#### Miljø

#### Økonomi

Ikkje vurdert i saka

#### Konklusjon

UKM Nordhordland 2016 skal arrangerast i Meland. Ungdomsrådet kan vere ein medspelar i dette arbeidet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Ungdomsrådet gjer vedtak i møte.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost